



KV-notat nr. 4/13 - Bakgrunn for fastsatt utredningsprogram

Søker/sak:	Sogn og Fjordane Energi Produksjon	
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Bremanger	
Ansvarlig:	Carsten Stig Jensen	Sign.:
Saksbehandler:	Marthe Cecilie Pramli	Sign.:
Dato:	02 MAI 2013	
Vår ref.:	201202824-20	
Sendes til:	Tiltakshaver	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 09575
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

NVE har mottatt melding fra SFE Produksjon AS datert 22.06.2012. Meldingen inneholder beskrivelser av planer for Bredvatn kraftverk og forslag til konsekvensutredningsprogram. Meldingen har vært på offentlig høring. I dette notatet diskuteres høringsinnspillene til meldingen og tiltakshavers kommentarer til disse, som sammen med NVEs vurdering danner bakgrunnen for det fastsatte utredningsprogrammet.

Innhold

Innledning.....	1
Utbyggers forslag til utredningsprogram	2
Innkomne uttalelser	12
Utbyggers kommentarer til innkomne uttalelser	23
NVEs vurderinger.....	31

Innledning

NVE er ansvarlig myndighet i saker vedrørende vannkraftutbygging, jfr. plan- og bygningslovens forskrift om konsekvensutredninger av 26.06.2009. Myndigheten innbærer blant annet å fastsette endelig konsekvensutredningsprogram (KU-program) for planer om bygging av vannkraftverk.

NVE har mottatt melding med forslag til KU-program fra Sogn og Fjordane Produksjon AS (SFE) datert 22.06.2012. Meldingen beskriver planer om bygging av Bredvatn kraftverk i Bremanger kommune i Sogn og Fjordane. Hensikten med meldingen er å få klarlagt hvilke konsekvenser som bør utredes, og eventuelt hvilke utbyggingsalternativer som skal utredes.

Meldingen om Bredvatn kraftverk med forslag til KU-program har vært sendt til aktuelle høringsinstanser og kunngjort i Fjordenes Tidende og Firdaposten. Fristen for uttalelse ble satt til 07.09.2012. Det ble arrangert et offentlig informasjonsmøte på Ålfortunet i Ålfoten den 28.08.2012, der det ble orientert om saksbehandlingen og utbyggingsplanene.

Samlet plan

Åskåra-kraftverkene ble satt i drift i tiden 1970-1973 og er ikke behandlet i Samlet Plan. Det er i senere tid gjort en vurdering av kraftverk med inntak i Nedre Bredvatn og kraftstasjon ved Store Åskorvatn, og

dette har fått fritak fra Samlet Plan. Det er nå sendt inn søknad om fritak også for Øvre Bredvatn og de alternativene som omfattes av meldingen for Bredvatn kraftverk.

Verneplan for vassdrag

Planene vil ikke berøre vernede vassdrag.

Nasjonale laksevassdrag

Det er fremkommet opplysninger om at Daleelva er lakseførende, men er ikke vernet som nasjonalt laksevassdrag.

Nasjonalparker og andre verneområder

Planområdet ligger like ved Ålfotbreen og Ålfoten landskapsvernområde. Landskapsvernområdet har et samlet areal på om lag 226 km² og ble vernet i 2009. Området er vernet mot alle inngrep og tiltak som vesentlig kan endre eller påvirke landskapet sin art og karakter.

Om planene

SFE Produksjon har sitt største kraftverk Åskåra 1 i Ålfoten. Inntaksmagasinet ligger i Store Åskorsvatnet som er regulert etter gjeldene konsesjon. Oppstrøms dette vannet ligger Øvre og Nedre Bredvatn, som ikke omfattes av konsesjonen, med de regulerte magasinene Z-vatn, X-vatn og Y-vatn videre oppstrøms. SFE Produksjon mener det ligger en stor og uutnyttet ressurs i vannstrengen og ønsker å gjøre nytte av denne ved å bygge Bredvatn kraftverk.

Det er to alternativ for inntak til Bredvatn kraftverk, i Øvre og Nedre Bredvatn. Fra inntaket er det planlagt sjakt og tunell ned til kraftstasjonen i fjell nær kote 0. Inntak i Øvre Bredvatn forutsetter etablering av en 5 m høy dam samt tre 1-2 m høye terskler i utløpet av vannet. Inntak i Nedre Bredvatn forutsetter flere terskler på en 100 m lang strekning. Begge løsningene innebærer regulering av vannene med ca. 10 m.

Mer utfyllende informasjon om tiltakshaver og om planene er gitt i meldingen, som er å finne på www.nve.no/vannkraft. Dette notatet inneholder i hovedsak tiltakshavers forslag til KU-program, innkomne høringsuttalelser og NVEs merknader til og vurderinger av disse.

Utbyggers forslag til utredningsprogram

På bakgrunn av de antatte virkningene foreslo SFE i sin melding følgende utredningsprogram som dannet grunnlag for høringsinnspillene:

"6. Forslag til utgreiingsprogram

6.1 Alternativ

I denne meldinga er det presentert to utbyggingsalternativ med to alternativ for inntak, samt ny vassveg og inntak i Store Åskorsvatnet. Dei to utbyggingsalternativa er separert Bredvatn kraftverk eller ei tofallsløysing med Store Åskorsvatn. Inntaksalternativa er Øvre og Nedre Bredvatn. Alle alternativ skal utgreiast etter «Forskrift om konsekvensutredninger etter plan- og bygningsloven» (PBL). Føresegna legg opp til at det er dei vesentlege konsekvensane av tiltaket som skal utgreiast. For dei mest omfattande temaa vil det bli utarbeida eigne fagrapportar, medan ein del mindre omfattande tema vil bli inkludert direkte i KUen.

Teknisk skildring skal ligge føre som grunnlag for utgreiingane, og fagrapport for hydrologi skal ligge føre som grunnlag for dei andre fagutgreiingane. Moglege avbøtande tiltak vil bli

vurdert og omtalt for kvart tema. 0-alternativet, det vil seie konsekvensane av å ikkje gjennomføre utbygginga, skal skildrast, og konsekvensane av utbygginga skal vurderast opp mot 0-alternativet.

6.2 Elektriske anlegg og overføringsleidningar

Kapasitetstilhøva i overføringsnettet i området skal kort skildrast. Trong for tiltak i eksisterande nett skal skildrast. Skildringa skal sjåast i samanheng med eventuelle andre planar for kraftproduksjon i området. Det skal gjerast greie for i kva grad tiltaket påverkar forsyningssikkerheita og den regionale kraftbalansen.

Krafteleidningstrasé for tilknytning til eksisterande nett skal skildrast og visast på kart.

Naudsynte elektriske anlegg, inkludert nettilknytninga frå kraftverket, skal vurderast under dei ulike fagtemaa som dei øvrige anleggsdelane.

6.3 Hydrologi

Dei hydrologiske temaa som er omtalt nedanfor skal ligge til grunn for dei øvrige fagutredningane.

6.3.1 Overflatehydrologi

Grunnlagsdata, vassføringsendringar, restvassføringar, flaumforhold og eventuelle vasstandsandsendringar skal utgreiast og presenterast i samsvar med NVE sin vegleiar om "Konsesjonshandsaming av vasskraftsaker" så langt det er relevant, jf. Vegleiareren sin del IV, pkt. 3.7.

Vassføringa før og etter utbygging skal framstillast på kurveform for "reelle år" ("vått", "middels" og "tørt") for relevante punkt.

Det skal oppgjevast kor mange dagar i året vassføringa er høvesvis større enn største slukeevne og mindre enn minste slukeevne (tillagt eventuell planlagt minstevassføring) for dei same åra.

Det skal gjerast greie for alminneleg lavvassføring, samt 5-persentil verdien for sommar (1/5-30/9) og vinter (1/10-30/4) på dei påverka strekningane.

Det skal takast bilder av fossane nedstraums Nedre Bredvatn på ulike talfesta vassføringar.

Minstevassføring

Vurderingane bak forslag til minstevassføring skal kome fram av KU. Det skal også grunngjevast der det ikkje er foreslått å sleppe minstevassføring.

Forslag til minstevassføring skal takast inn i alle relevante hydrologiske berekningar og kurver og leggest til grunn for vurderingane av konsekvensar for dei øvrige fagtemaa. Dette gjeld også berekningane i samband med produksjon og prosjektet sin økonomi som inngår i skildringa av prosjektet. Samstundes skal det gå fram av berekningane kva minstevassføringa ville ha gitt dersom vatnet hadde vore nytta til produksjon.

Driftsvassføring

Det skal gjevast ei skildring av forventa hydrologiske konsekvensar (vassføringsforhold med meir) ut frå det planlagte driftsopplegget (tappestrategi, ev. effektkøyring).

6.3.2 Flaumar

Flaumtilhøva skal vurderast basert på berekna og/eller observerte flaumar og det skal gjevast ei vurdering av om skadeflaumar aukar eller minskar i høve til dagens situasjon.

Skadeflaumvurderingane kan knytast opp mot ein flaum med gjentakintervall på 10 år (Q10) dersom det reelle nivået for skadeflaum i vassdraget er ukjent. Flaumvurderingane skal også innehalde ein berekning av middelflaumen.

6.3.3 Magasinvolument, magasinkart og fyllingsberekningar

Det skal lagast kurver som viser magasinvolument og neddemma og/eller tørrlagt areal ved forskjellige kotehøgder. Berekningane skal ta utgangspunkt i eksisterande magasinkart.

Ut frå det driftsopplegget som ligg til grunn for reguleringa, skal det leggast fram fyllingsberekningar for magasinane. Berekningane skal framstillast i kurveform for det mest gunstige, det mest ugunstige og det gjennomsnittlege fyllingsåret, alternativt 100-, 75-, 50-, 25- og 0-persentilar. Også enkelte spesielle, verkelege år bør visast.

6.3.4 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Dagens forhold i dei aktuelle områda skal skildrast kort.

Moglege endringar som kan oppstå i is- og isleggingsforhold, vasstemperatur og lokalklima, skal vurderast både for anleggs- og driftsfasen.

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan komme, skal vurderast, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

6.3.5 Grunnvatn

Dagens forhold i dei aktuelle områda skal skildrast kort.

Det skal gjerast kort greie for kva verknader tiltaket kan ha på grunnvatnet i dei aktuelle nedbørfelta i anleggs- og driftsfasen.

Dersom tiltaket kan føre til at grunnvasstanden endrar seg, skal det vurderast om dette kan endre vilkåra for vegetasjon, jord- og skogbruk samt eventuelle uttak av grunnvatn i området det gjeld. Det skal vurderast om det er fare for drenering som følgje av tunneldrift.

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan kome, skal vurderast medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

6.4 Erosjon og sedimenttransport

Dagens erosjons- og sedimentasjonsforhold i dei aktuelle områda skal skildrast. Ein skal kort vurdere kva konsekvensar dei ulike alternativa kan få, både for anleggs- og driftsfasen.

Det skal gjerast ei vurdering av kor sannsynleg det er at sedimenttransport og tilslamming av vassdraget under og etter anleggsperioden vil auke.

Opplysningane som er gitt om geofaglege forhold, spesielt lausmasseførekomsstar, skal danne ein del av grunnlaget for vurderingane rundt sedimenttransport og erosjon.

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan kome, skal vurderast, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

6.5 Skred

Det skal gjevast ei framstilling av dagens forhold. Både aktive prosessar og risiko for skred skal vurderast.

Eventuelle konsekvensar som følge av ei utbygging skal vurderast for anleggs- og driftsperioden. Det skal særleg leggjast vekt på risikoen for skred i område med framtidig anleggsarbeid, arealinngrep, vegar, bustader eller andre stader med ferdsel.

Det skal gjevast ei kort vurdering av om anleggsarbeidet kan utløyse skred e.l. som kan lage flaumbølger i nedanforliggende vatn med øydeleggjande verknad på natur eller eigedom.

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan kome, skal vurderast, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

6.6 Landskap og inngrepsfrie naturområder (INON)

Utgreiinga skal skildre landskapet i områda som blir påverka av tiltaket, både på overordna og meir detaljert nivå.

Utgreiinga skal inkludere både natur- og kulturhistoriske dimensjonar ved landskapet, og skal elles samordnast med og sjåast i lys av utgreiinga for kulturminne/kulturmiljø.

Dei overordna trekka ved landskapet skal skildrast i tråd med "Nasjonalt referansesystem for landskap" (NLJOS-Rapport 10-05) som ein finn på www.skogoglandskap.no. Skildringa skal ha ein detaljeringsgrad tilsvarande underregionnivå eller meir detaljert.

Utgreiinga skal få fram konsekvensane av tiltaket for landskapet og landskapsopplevinga i anleggs- og driftsfasen. Det skal leggjast vekt på å vurdere konsekvensane for verdifulle og viktige område og innslag i landskapet. Inngrepa med størst landskapsmessig verknad skal visualiserast. Kva for landskapsrom som blir påverka, skal visast på kart.

Konsekvensane av tiltaket når det gjeld utbreiinga av inngrepsfrie naturområde (INON), skal bereknast arealmessig, og resultatet av at slike areal fell bort, skal framstillast i tabellform og illustrerast på kart. Ein skal vurdere konsekvensane av eit slikt bortfall av inngrepsfrie område.

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan komme, skal vurderast, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

6.7 Naturmiljø og naturens mangfold

For alle biologiske registreringar skal ein oppgi dato for feltregistreringar, synfaringsrute og kven som har utført feltarbeidet og artsregistreringar.

For kvart deltema skal moglege avbøtande tiltak vurderast i forhold til dei negative konsekvensane som kan kome, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

6.7.1 Geofaglige forhold

Dei fysiske formene (geologi, kvartære former) i influensområdet skal skildrast. Lausmassar i nedbørfeltet skal også skildrast, spesielt lausmassar i tilknytning til elveløpet. Område med aktive prosessar som skred og andre skråningsprosessar, glasiale prosessar, frost og kjemisk forvitring skal omtalast kort. Framstillinga skal byggjast opp med kart, foto eller anna eigna illustrasjonsmateriale.

Konsekvensane av tiltaket for geofaglege forhold skal vurderast for anleggs- og driftsperioden.

Skildringane under geofaglege forhold skal utgjere ein del av grunnlaget for vurderingane rundt skred og sedimenttransport og erosjon.

6.7.2 Naturtyper og ferskvannslokaliteter

Verdifulle naturtypar, inkludert ferskvannslokalitetar, skal kartleggjast og biletdokumenterast etter metodikken i DN-handbok 13 (Kartlegging av naturtyper - verdisetting av biologisk mangfold) og DN-handbok 15 (Kartlegging av ferskvannslokaliteter).

Naturtypekartlegginga skal samanliknast med "Truete vegetasjonstyper i Norge" (Fremstad & Moen 2001) (jf. Karplanter, mosar, lav og sopp).

Konsekvensar av tiltaket for naturtypar eller ferskvannslokalitetar skal greiast ut for anleggs- og driftsfasen.

6.7.3 Karplanter, moser, lav og sopp

Det skal gjerast ei enkel skildring av dei vanlegaste terrestriske vegetasjonstypene i influensområdet, samt ei kort skildring av artssamansetjinga og dominansforhold. Skildringa skal basere seg på "Vegetasjonstyper i Norge" (Fremstad 1997).

Eventuelle trua vegetasjonstypar skal identifiserast etter "Truete vegetasjonstyper i Norge" (Fremstad & Moen 2001) og skildrast meir utfyllande.

For magasina skal det setjast opp ei enkel oversikt over artssamansetjing, dominansforhold, anslag av mengd og fordeling av vassvegetasjon.

Når ein skildrar enkeltartar, skal det fokuserast på område som er identifisert som verdifulle naturtypar/trua vegetasjonstypar, og ein skal leggje vekt på raudlisteartar og artar som er omfatta av DN's handlingsplanar (www.dirnat.no/truaarter).

Konsekvensane av tiltaket for karplanter, mosar, lav og sopp skal greiast ut for anleggs- og driftsfasen.

6.7.4 Pattedyr

Det skal gjerast greie for kva slags pattedyr som finst i influensområdet til prosjektet. Framstillinga skal basere seg på eksisterande kunnskap samt intervjuar av grunneigarar og andre lokalkjende.

Viktige villtrekk skal kartfestast. Det skal gjevast opplysningar om eventuelle raudlisteartar, jaktbare artar og førekomst av viktige økologiske funksjonsområde (yngleplassar, beite- og skjulestader osv.). Artar som er omfatta av DN's handlingsplanar, skal omtalast spesielt.

Opplysningar skal kartfestast i samsvar med Direktoratet for naturforvaltning sine retningslinjer, jf. også direktoratet sine retningslinjer for handsaming av sensitive stadsopplysningar.

Konsekvensane tiltaket får for aktuelle pattedyr, skal greiast ut for anleggs- og driftsfasen. Moglege endringar i produksjonspotensialet til området skal vurderast.

6.7.5 Fugl

Det skal gjevast ei framstilling av fuglefaunaen i influensområdet til prosjektet, med vekt på område som tiltaket får direkte følgjer for. Dette skal baserast på eksisterande kunnskap og supplerast med feltundersøkingar dersom det ikkje foreligger tilstrekkelig eksisterende informasjon.

Eventuelle feltkartleggingar skal skje i hekketida. Artsmangfald, bestandtettleik og viktige økologiske funksjonsområde skal skildrast. Det skal leggjast spesiell vekt på eventuelle raudlisteartar (gjeld heile tiltaksområdet), jaktbare artar, vassstilknytte artar og artar som er omfatta av DN's handlingsplanar.

Opplysingar skal kartfestast etter Direktoratet for naturforvaltning sine retningslinjer, jf. også direktoratet sine retningslinjer for handsaming av sensitive stadsopplysningar. Eventuelle reirlokaltetar av raudlista rovfuglar skal ikkje kartfestast.

Verdien av området som trekklokalitet skal vurderast og undersøkjast under trekket vår og haust dersom tiltaket får innverknad på viktige trekklokalitetar.

Konsekvensane av tiltaket for fugl skal greiast ut for anleggs- og driftsfasen.

6.7.6 Fisk

Bjørklund m.fl. (1997) stadfestar at det aldri har vore fisk i verken Øvre Bredvatn, Nedre Bredvatn eller Åskorvatna. Det er difor ikkje naudsynt med vurderingar knytt til verdier eller konsekvensar for fisk som følgje av tiltaket.

6.7.7 Ferskvannsbiologi

Det skal givast ei enkel framstilling av botndyrsamfunnet i aktuelle elvar og vatn med fokus på mengd, artsfordeling og dominansforhold. Det skal leggjast vekt på førekomst av eventuelle raudlista artar, dyregrupper/artar som er viktige næringsdyr for fisk, og artar som er omfatta av DN's handlingsplanar.

Konsekvensane av tiltaket for botndyr skal greiast ut for anleggs- og driftsfasen. Det skal gjerast eit anslag på kor stort produksjonsareal som ventast å gå tapt, kor mykje som eventuelt blir verande intakt, eller blir påverka i mindre grad.

Metodikken som blir brukt til å samle inn botndyr skal hovudsakleg følgje gjeldande norske standardar, men kan til ein viss grad tilpassast storleiken på prosjektet og omfanget av det.

6.8 Marine forhold

Kraftverket ikkje vil medføre vesentlege endringar i dagens ferskvasstilføring til fjorden og marine forhold vil dermed ikkje verte utgreia som eige tema. Eventuelle konsekvensar av etablering av tipp i sjø vil verte handsama i fagrapportane for naturmiljø, forureining og naturressursar.

6.9 Kulturminne og kulturmiljø

Utgreiinga skal skildre kulturminne og kulturmiljø i tiltaks- og influensområdet. Det skal gjerast greie for status for kulturminna og -miljøa når det gjeld kulturminnelova, plan- og bygningslova og eventuelt pågåande planarbeid.

Alle område der det kan bli sett i verk fysiske tiltak som graving, bygging eller sprenging, eller der vassføringa kan bli redusert, skal synfarast og vurderast i forhold til automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne. Eksisterande og eventuelle nye funn skal skildrast og markerast på kart. Potensialet for funn av ukjende, automatisk freda kulturminne skal vurderast.

Undersøkningsplikta etter kulturminnelova § 9 skal avklarast med kulturminnestyresmakta.

Verdien av og konsekvensane for kulturminna og kulturmiljøa i området skal vurderast for anleggs- og driftsfasen.

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan kome, skal vurderast, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

Utgreiinga skal samordnast med utgreiingane under Landskap og Friluftsliv.

6.10 Forureining

6.10.1 Vasskvalitet/utslepp til vatn og grunn

Det skal gjevast ei framstilling av dagens miljøtilstand for dei aktuelle vassførekomstane. Eksisterande kjelder til forureining skal omtalast. Dersom det eksisterer vedtekne miljømål for vassførekomstane, f.eks. i forvaltingsplanar etter EUs vassdirektiv, skal dette gjerast greie for. Det skal gjevast opplysningar om eventuelle overvakingundersøkingar i nærområda.

Det skal gjerast greie for utslepp til vatn og grunn som tiltaket kan føre til. Det skal vidare gjerast greie for konsekvensar av tiltaket for miljøtilstanden i alle dei relevante vassførekomstane, i anleggs- og driftsfasen. Konsekvensane av endra vassføringsforhold i aktuelle vassdrag skal vurderast, med vekt på resipientkapasitet, vasskvalitet og moglege endringar i belastning.

Potensiell avrenning frå planlagde massedeponi i eller nær sjø/vatn/vassdrag skal spesielt vurderast i forhold til moglege effektar på fisk og ferskvassorganismar.

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan komme, skal vurderast, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

Utgreiinga skal baserast på eksisterande informasjon.

6.10.2 Anna forureining

Eksisterande støyforhold og omgivnadene si evne til å absorbere støy skal skildrast. Dagens luftkvalitet skal omtalast kort.

Konsekvensane av tiltaket med tanke på støy, støyplager, ristingar og eventuelt andre aktuelle forhold skal greiast ut for anleggs- og driftsperioden, spesielt der dette vil skje nær busetnader.

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan komme, skal vurderast, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

6.11 Samisk natur- og kulturgrunnlag

Dette punktet er ikkje aktuelt for Bredvatn kraftverk då kraftverket ikkje vil påverke tradisjonelle samiske bruksområde.

6.12 Naturressursar

Konsekvensane av tiltaket i anleggs- og driftsfasen skal vurderast for alle deltemaa.

For kvart deltema skal også moglege avbøtande tiltak vurderast i forhold til dei negative konsekvensane som kan komme, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

6.12.1 Jord- og skogressursar

Jord- og skogressursane i området samt dagens bruk og utnytting av areala skal skildrast. Informasjon skal hentast inn mellom anna frå dei aktuelle grunneigarane og rettshavarar.

Konsekvensane av tiltaket for jordbruk, skogbruk og utmarksbeite skal vurderast kort. Storleiken av areal som går tapt eller blir omdisponert, skal oppgjevast, med vekt på eventuelt tap av dyrka mark.

6.12.2 Ferskvassressursar

Temaet skal omtalast kort, med vekt på drikkevassforsyning og eventuelt behov til næringsverksemd (gardsdrift, industri, fiskeoppdrett).

6.12.3 Mineral og masseførekomstar

Eventuelle mineral- og masseførekomstar i området, medrekna sand, grus og pukk, skal kort skildrast. Førekomstane si lokalisering og omfanget av dei skal gå fram av skildringa.

6.13 Samfunn

6.13.1 Næringsliv og sysselsetjing

Dagens situasjon når det gjeld næringsliv og sysselsetjing i området skal omtalast kort.

Det skal vurderast kva for effekt tiltaket har på næringsliv og sysselsetjing i området. Det skal gjerast ei mest mogleg konkret vurdering av behovet for vare-/tenesteleveransar og arbeidskraft (tal på årsverk) i anleggs- og driftsfasen.

6.13.2 Utvikling i folkesetnad og bustadbygging

Dagens situasjon med omsyn til folkesetnad skal skildrast kort.

Moglege effektar på utviklinga i folkesetnaden og bustadbygginga som følge av tiltaket skal vurderast.

6.14 Tenestetilbod og kommunal økonomi

Dagens tenestetilbod og kommuneøkonomien skal skildrast kort.

Det skal gjerast ein kort og mest mogleg konkret omtale av kva konsekvensar tiltaket kan få for den kommunale økonomien.

Det skal også vurderast om tiltaket vil føre til krav til privat og kommunal tenesteyting, og eventuelt til ny kommunal infrastruktur.

6.14.1 Sosiale forhold

Det skal gjerast ein kort omtale av moglege konsekvensar for sosiale forhold.

6.14.2 Helsemessige forhold

Støy, støvplager, trafikkmessige ulemper og mogleg auka risiko for ulukker knytt til anleggs- og driftsfasen, skal vurderast. Temaet må sjåast i samheng med fagtemaa forureining og sosiale forhold.

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan komme, skal vurderast, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

6.14.3 Friluftsliv, jakt og fiske

Det skal gjerast kort greie for naturkvalitetar, kulturkvalitetar, landskapskvalitetar, visuelle kvalitetar og anna som kan tenkjast å ha verdi for naturopplevinga i området, jf. kapitla om landskap, naturmiljø og kulturmiljø.

Kvalitetane til området med omsyn til friluftsliv skal vurderast ut frå mellom anna tilgjengelegheit, kva aktivitetar som kan utøvast, lokalisering, overnattingshytter og løypenett m.m.

Det skal gjerast greie for dagens bruk av området. Dette inkluderer ei skildring av kven som bruker det, kva aktivitetar som går føre seg, om området gir tilkomst til andre område som er viktige for friluftsliv, og om området er ein del av eit større friluftsområde.

Det skal skildrast i kva grad viltførekomstane i området blir utnytta.

Det skal gjerast greie for om tiltaks- og influensområdet er verna eller sikra som friluftsområde etter særlover, eller regulert etter plan- og bygningslova (dvs. friluftsområde med planstatus).

Utgreiinga skal så langt det er relevant, følgje DN-handbok 18 (Friluftsliv i konsekvensutredningar etter plan- og bygningsloven). Utgreiinga skal baserast på eksisterande opplysingar og samtalar med offentlege styresmakter, organisasjonar, grunneigarar og lokale det vedkjem.

Moglege konsekvensar av tiltaket for friluftsliv skal vurderast for anleggs- og driftsfasen. Dette må sjåast i samanheng med konsekvensar for landskap, natur- og kulturmiljø. Det skal mellom anna vurderast i kva grad tiltaket vil føre til endra bruk av området, og kva brukargrupper tiltaket får følgjer for.

Utgreiinga skal innehalde ei kort skildring av eventuelle alternative friluftsområde.

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan kome, skal vurderast, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

6.14.4 Reiseliv

Natur- og kulturattraksjonar i utbyggingsområdet skal omtalast og kartfestast. Turistanlegg, hytteområde, sportsanlegg, tilrettelagde rasteplassar langs vegar m.m. skal kartfestast.

Det skal gjevast ei skildring av innhaldet og omfanget av reiseliv og turisme i området. Relevante opplysingar kan hentast inn frå NHO Reiseliv, Innovasjon Noreg, fylkeskommunen og lokale og regionale reiselivsaktørar.

Det skal vurderast kva verdi utbyggingsområdet har for reiselivet i forhold til desse punkta:

- dagens bruk*
- eksisterande planar for vidare satsing*
- er området eigna for/har området potensial for å vidareutvikle reiselivsaktivitetar*

Kva konsekvensar tiltaket vil ha for reiselivet, skal greiast ut for anleggs- og driftsfasen, ut frå korleis utbygginga vil kunne verke inn på verdien av reiselivsattraksjonane.

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan kome, skal vurderast, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

6.15 Samla belastning

Det skal gjevast ei oversikt over eksisterande og planlagde inngrep innanfor eit geografisk avgrensa område som går ut over influensområdet. Det skal gjerast ei vurdering av samla belastning (tidlegare kalla sumverknader) for tema der dette blir sett på som konfliktfylt. Sentrale tema kan til dømes vere landskap, friluftsliv og/eller naturmangfald.

6.15.1 Presisering om naturmangfald

Vurderinga av samla belastning for naturmangfald kan fokusere på dei tiltaka og inngrepa som ein meiner vil kunne få negative verknader for ein eller fleire trua eller prioriterte artar og/eller verdifulle, trua eller utvalde naturtypar som er identifisert gjennom utgreiingane om "Naturmiljø og naturens mangfald". For desse artane/naturtypane skal det primært vurderast om dei aktuelle tiltaka og inngrepa kan påverke forvaltningsmåla som er fastsett. Det skal også vurderast om tilstanden og bestandsutviklinga til desse artane/naturtypane kan bli vesentleg endra.

Vurderingane skal bygge på kjent og tilgjengeleg informasjon om andre planar og utgreidde verknader for naturmangfald. Artane og naturtypane som det peikast på går fram av DN-handbok 13, "Norsk rødliste for naturtyper" 2011, utvalde naturtypar peikt ut jf. nmfl § 52, økosystem som er viktige økologiske funksjonsområde for trua artar i "Norsk rødliste" 2010 og prioriterte artar peikt ut jf. nmfl § 23. Det skal givast ei oversikt over eksisterande og planlagde inngrep innanfor eit geografisk avgrensa område som går ut over influensområdet. Moglege sumverknader av tiltaket som blir sett på som konfliktfylte, skal vurderast.

6.16 Andre forhold

6.16.1 Massedeponi

Planlagde område for deponering av masse skal visualiserast og merkast av på kart. Aktuelle alternative plasseringar av tunnelmassane og alternativ bruk skal omtalast. Det skal gjerast greie for korleis eventuell mellomlagring av massar skal skje.

6.17 Forslag til oppfølgjande undersøkingar

Det skal gjerast ei vurdering av behovet for, og eventuelt forslag til, nærare undersøkingar før planen eller tiltaket blir gjennomført, og undersøkingar med sikte på å overvake og klargjere dei faktiske verknadene av tiltaket. Det er tilstrekkeleg å peike på eventuelle område der det kan vere aktuelt med oppfølgjande undersøkingar.

6.18 Opplegg for informasjon og medverknad

Ein skal ha tett kontakt med aktuelle instansar og organisasjonar. Dette gjeld særleg Fylkesmannens miljøvernavdeling, fylkeskommunen, kommunen og lokale instansar/ressurspersonar med interesser i, eller kunnskap om fagfelt/næring.

Det skal leggjast opp til ein medverknadsprosess som inneber samtaler og arbeids-/informasjonsmøte i nødvendig grad med dei aktuelle partane i tillegg til dei offentlege høyringane og informasjonsmøta."

Innkomne uttalelser

Vi gir her oppsummering av hovedpunktene i uttalelsene NVE har mottatt. Synspunkter på om prosjektet bør gjennomføres eller ikke omtales ikke her, det diskuteres ved en behandling av en eventuell konsesjonssøknad.

Bremanger kommune gjengir i sin uttalelse av 21.08.2012 formannskapetets behandling og vurdering av meldingen:

"Vurdering:

Tiltaksområdet ligg rett nord for Ålfotbreen og Ålfoten landskapsverneområde. Området er allereie påverka av vasskraftutbygging gjennom Åskara kraftverk som Bredvatn kraftverk vil bli ein integrert del av. Det går veg langs fjorden, og fleire kraftleidningar kryssar fjorden i området. Det går også kraftleidning fra uteanlegget i Åskåra opp til dammen ved Store Åskorsvatn og ei leidning sørvestover mot Blåbredvatnet.

Største del av tiltaksområdet er i kommuneplanen sin arealdel avsett til Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område). Rundt Øvre og Nedre Bredvatn er dette hovudsakleg LNFområde der friluftsliv er dominerande. Ved fjorden der tilkomsten til kraftstasjonen vil ligge og ved eksisterande tippar i sjø som er vurdert utvida er arealet avsett som anna byggeområde. Området vest for taubanestasjonen som også er aktuelt som deponi/mellomlager for tunnelmassar har føremål LNF-område.

Aktuelle problemstillingar i høve til konsekvensar for miljø og samfunn vil m.a. vere:

- *Hydrologi - utbygginga vil medføre redusert vassføring mellom inntak og elva sitt utløp i Store Åskorvatn og to synlege fossefall mellom Nedre Bredvatn og Store Åskorvatn vil få redusert verdi som landskapselement.*
- *Terrenginngrep i samband med etablering av dam, tersklar, inntak og evt. lukehus*
- *Arealbeslag ved deponering av tunnelmassar*
- *Landskapsvernområdet, eit mindre bortfall av inngrepsfrie område (INON)*
- *Friluftsliv, jakt og fiske—deler av området er vurdert som regionalt viktig område for friluftsliv.*

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

16.08.2012 Formannskapet

FSK-134/12 Vedtak:

Bremanger kommune har ingen merknad til framlegg til utgeiingsprogram for bygging av Bredvatn kraftverk—SFE Produksjon"

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skriver i sin uttalelse av 04.09.2012:

"Fylkesmannen meiner at det planlagde utgreiingsprogrammet er akseptabelt, under føresetnad av at det blir brukt spesialisert kompetanse der det er nødvendig, samt at nokre tema blir noko betre utgreia. Kravet til kompetanse blir understreka spesielt når det gjeld registrering av flora og fauna, samt planlegging av massedeponi. Det må kartleggjast kor stor avstand det vert frå inngrepa til grensa for Ålfotbreen landskapsvernområde. Vidare bør det gjennomførast ein ROS-analyse som omfattar fleire tema enn ras og flaumfare, og det bør sjåast på om det er

mogleg å sanere delar av eksisterande linjer og andre installasjonar knytt til overføringsnett. I den temavise gjennomgangen er det gitt nærare omtale og ytterlegare nokre innspel og kommentarar.

Vurdering

Naturmiljø og biologisk mangfald

Fylkesmannen har ingen registreringar i dette området som vil bli påverka av ei eventuell kraftutbygging, verken av raudlisteartar eller naturtypar. Ein prioritert naturtypelokalitet av verdi A ligg ned mot Åskora, men den ser ikkje ut til å bli påverka av prosjektet.

Når det gjeld undersøkingar av raudlista artar vil vi understreke at dette som regel krev svært spesialisert kompetanse, kanskje særleg for botndyr, mosar og lav. Vidare må fleire artar, for eksempel fugl, registrerast på spesielle delar av året eller døgnet.

Det vert opplyst at Øvre Brevatnet og Nedre Brevatnet er fisketomme, og fiskeundersøkingar er heller ikkje omfatta av utgreiingsprogrammet. Ved prøvegarnfiske i Store Åskorvatnet i 2004 vart det ikkje påvist fisk, og det kom heller ikkje fram opplysningar om at det har vore fisk i dette vatnet. Vi ber om at det vert sjekka ut om det likevel finst lokal og erfaringsbasert kunnskap om fisk og fiske i dette vatnet.

Landskap, friluftsliv og inngrepsfrie naturområde (INON)

Det må klarleggjast kor nær inntil grensa for Ålfotbreen landskapsvernområde prosjektet vil kome, og spesielt er det viktig dersom Øvre Brevatnet skal regulerast. Grensa for landskapsvernområdet går like sør for Øvre Brevatnet, i ein avstand som ser ut til å vere berre ein til to titals meter. Nedre Brevatnet ligg om lag 400 meter unna grensa for landskapsvernområdet. Vi vil understreke at det i konsekvensvurderinga for landskapet og landskapsopplevinga må gjerast greie for i kva grad inngrepa vil verte synlege frå landskapsvernområdet og innfallsportane til landskapsvernområdet.

Ureining, vasskvalitet og støy

Det må også vurderast korleis masse skal deponerast eller eventuelt brukast. Massedeponiområde må sjekkast ut slik at dei ikkje blir plasserte der det er veksestad for sjeldne artar, og dei må plasserast slik at det ikkje er fare for avrenning eller utrasing til vassdrag. Massedeponi bør planleggjast av personar med særskild kompetanse på landskap, og tilpassast slik at dei viser minst mogleg att.

Vi viser elles til "forskrift om rammer for vannforvaltningen" (vassforskrifta) fastsett 15.12.2006. Nye fysiske inngrep kan akseptrast dersom dei dekkjer viktige samfunnsomsyn, det ikkje finst betre alternative løysingar og det vert teke tilstrekkeleg miljøomsyn. Nye kraftutbyggingar må vurderast opp mot forskrifta og målsetjingane i dette arbeidet. Konsekvensutgreiinga bør innehalde ei vurdering av økologisk status på den aktuelle strekninga (ut frå biologiske og fysisk-kjemiske parametrar), og om utbygginga vil føre til nedklassifisering av tilstanden.

Samfunn og beredskap

I forslaget til utgreiingsprogram går det fram at skred- og flaumfare vil verte greidd ut. Dette er svært sentrale risikotema å sjå på, men vi vil likevel tilrå at det vert gjort ein analyse av risiko og sårbarheit (ROS-analyse) som omfattar fleire tema enn desse. NVE sin rettleiar i risiko- og sårbarheitsanalysar for kraftforsyninga vil kunne gi viktig og relevant rettleiing til dette

arbeidet. Klimaendringane er venta å påverke framtidig risiko og sårbarheit, t.d. på grunn av auka årleg nedbør og oftare ekstreme vêrtilhøve. I ROS-analysen må det difor vurderast kva konsekvensar klimaendringane vil kunne få.

Elektriske anlegg og overføringsleidningar er føreslått som tema i utgreiingsprogrammet. I denne vurderinga bør det sjåast på om det er mogleg å sanere delar av eksisterande linjer og andre installasjonar knytt til overføringsnettet.

Det bør òg gjerast greie for om ei utbygging vil kunne påverke lokal eller regional kraftforsyningstryggleik.”

Sogn og Fjordane fylkeskommune referer i sin uttalelse av 01.10.2012 konklusjonen fra saksbehandlingen:

”Sogn og Fjordane fylkeskommune handterte denne saka 26.09.2012 som sak 108/12 og det vart gjort slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at meldinga med framlegg til utgreiingsprogram for Bredvatn kraftverk er eit godt grunnlag for å fastsette utgreiingsprogram og seinare framlegging av konsesjonssøknad.

Fylkeskommunen ber om at utgreiingane vert supplert slik:

Utgreiing av konsekvensar sett i relasjon til at delar av dei planlagde tiltaka ligg innafør område med nasjonal verdi for friluftsliv.

Alle registrerte kulturminne i tiltaksområdet må bli merka på kart. Søkjar må gå gjennom og skildre visuelt og fysisk påverknad av tiltak og gjere greie for konfliktgrad og sårbarheit til dei registrerte kulturminna. Søkjar må vurdere avbøtande tiltak som kan minske ev. negative verknadar for kulturminna.”

Bergen Sjøfartsmuseum skriver i sin uttalelse av 31.08.2012:

”Museet kjenner ikke til kulturminner ved Førdespollen og Bredvatn i Bremanger kommune som kan bli direkte berørt av det omsøkte tiltaket. Det er ikke indikasjoner på at noen av de berørte områdene har vært anvendt som ankringssted eller havn i eldre tid. I tillegg har vi ikke noe som tyder på at det er et potensial for marine kulturminner i dette området.

Kraftverk og rørgater m.m. er landbaserte konstruksjoner, men med en konsekvens ved en eventuell neddemming at kulturminner på land vil bli til marine kulturminner. Bergens Sjøfartsmuseum har flere eksempler på dette i sitt forvaltningsområde.

Museet har ingen innvendinger mot den foreslåtte utbyggingen.

Muligheten for at det kan ligge kulturminner i de aktuelle områdene er til stede. Vi gjør derfor oppmerksom på at tiltakshaveren plikter å gi melding til museet dersom det under arbeid i sjøområdene påvises skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminner. Dersom kulturminner på sjøbunnen kan bli berørt av tiltaket, må undervannsarbeidet straks stoppes. Virksomheten må i så fall ikke gjenopptas før museet har undersøkt og eventuelt frigitt området. Eventuelle brudd på disse forutsetningene vil være i strid med bestemmelsene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.”

Norges Miljøvernforbund har i uttalelse av 10.08.2012 tatt opp forholdet til verditap av naturverdier:

"Konklusjon

Som nevnt ovenfor vil en utbygging føre til en reduksjon av naturens verdi som rekreasjonsareal for fritidssysler. Naturverdier vil gå tapt for både fastboende i området og turister. Verditapet som forringelsen av uberørt natur og kulturlandskap har for turister kan ikke kun måles i tapte inntekter fra turistene, men må også ta med at folks mulighet til å bruke og beskue dette gratis har stor verdi i seg selv. Disse verdiene vil forringes med utbygging. Inngrepet har som nevnt mange skader og har ingen nytte da Sogn og Fjordane allerede har et stort overskudd av elektrisk energi. Derfor krever NMF avslag på søknaden om utbygging av Bredvatn kraftverk."

Sogn og Fjordane Turlag skriver i sin uttalelse av 20.06.2012:

"Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 27.06.2012, til sakspapira som vi har lasta ned via internett, og til folkemøtet i Ålfoten 28.08.2012, og takkar for at vi fekk utsett høyringsfristen. Fråsegna er basert på Meldinga, info gitt på folkemøtet og henta via Internett, og eigen kunnskap om området.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå <http://sognogfjordane.turistforeningen.no/>) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 5.744. Bredvatn kraftverk ligg i Keipen Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://keipen.turistforeningen.no/>.

Om friluftsliv i det aktuelle området:

Størstedelen av Ålfotbreområdet, som vi her definerer som Ålfotbreen landskapsvernområde + omkringliggende område i nord, i vest og til dels i sør, er eit dels lokalt, dels regionalt, og dels nasjonalt viktig turområde. Heile den høgtliggende delen av utbyggingsområdet (over ca. kote 300,) ligg inne i eit regionalt og nasjonalt viktig friluftsområde. Kjelder: www.fylkesatlas.no og Sogn og Fjordane fylkeskommune sin "Regional plan for vindkraft", med vedlegg, vedteken av fylkestinget 8. juni 2011. Sjå kart i Vedlegg 1 og 2. Link til Vindkraftplanen: [http://www.sjf.no/cmssff/cmspublish.nsf/\\$all/3652DEB5B22D6187C12579190050E924?OpenDocument](http://www.sjf.no/cmssff/cmspublish.nsf/$all/3652DEB5B22D6187C12579190050E924?OpenDocument).

I "FOR 2009-01-09 nr 09: Forskrift om vern av Ålfotbreen landskapsvernområde, Bremanger, Flora og Gloppen kommunar, Sogn og Fjordane" står det mellom anna følgjande:

"§ 2. Føremål

Føremålet med vernet er å:

- *Ta vare på eit eigenarta, vakkert og kontrastrikt naturlandskap med dei vestlegaste og mest oseanisk påverka isbreane i Noreg.*
- *Bevare utan større tekniske inngrep dei storslåtte og særprega devonske landskapsformene, og heile breidda av naturtypar i overgangen frå høgfjell og bre til elver og vatn, skogkledde dalar og fjordlier med varmekjær lauvskog.*
- *Ta vare på det biologiske mangfaldet og kulturlandskap som finst i området.*

Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.”

Som det går fram av føremålsparagrafen, er altså både landskap, geologi, biologisk mangfald og friluftsliv viktig i Ålfotbreen landskapsvernområde. I denne konkrete utbyggingsaka er dette spesielt viktig ettersom:

Grensa for verneområdet går akkurat i sørenden av det eine alternative reguleringsmagasinet, Øvre Bredvatnet. Viss vatnet blir demt opp, vil altså reguleringssona høgst sannsynleg gå inn i verneområdet. Dessutan vil det relativt urørte, særprega trappetrinslandskapet mellom reguleringsmagasina Store Åskorvatnet og Z-vatnet, bli påverka av enda eit nytt skjemmaende magasin. Det er meir enn mange nok slike magasin frå før!

Hovudturruta vest-aust (mellom Blåbrebu og Gjegnabu) både til fots og på ski, passerer berre 450 – 500 m sør for Øvre Bredvatnet. Avstanden mellom turruta og Nedre Bredvatnet blir litt over 1 km. Dette betyr at uansett val av magasinalternativ vil den visuelle konflikten mellom reguleringsmagasinet og turruta bli stor. I tillegg er fossane mellom Nedre Bredvatnet og Store Åskorvatnet viktige landskapselement for friluftslivet.

Det er relativt sannsynleg at det på (delar av) elvestrekningane frå Øvre Bredvatnet via Nedre Bredvatnet til Store Åskorvatnet er verdfullt biologisk mangfald, til dømes fossesprøytsoner. Om dette stemmer, må klårleggast – gjennom feltarbeid - i konsekvensutgreiingane.

For informasjon om merka og umerka turruter i området, viser vi til Vedlegg 3, og til det nye Turkart Bremanger. Dessverre er det enkelte feil og manglar ved stiplinga av turrutene på Turkartet:

Nord for Kvannbotnfjellet går ski- og fotturruta noko lenger nord enn det stiplinga på kartet viser.

Den beste fotturruta som går opp vest for Z-vatnet, er ikkje med.

Den nordlegaste delen (opp ryggen vest for Z-vatnet) av skiturruta over Gråfjellet manglar også. Der ruta er stipla, lenger sør, er det så bratt at det må vere heilt uvanleg gode snøtilhøve om ein skal kunne kome fram, enten ein går på ski eller til fots.

Den nye, merka fotturruta frå Hope i Hyen til Gjegnabu, er ikkje komen med. Den ruta som er stipla, er den gamle og meir krevjande ruta.

Kvifor er så området i/rundt utbyggingsområdet rangert som Nasjonalt viktig friluftsområde, trass i at det ikkje er tusenvis av menneske som brukar det, men truleg berre nokre hundre årleg? Dette har samanheng med den fantastisk høge kvaliteten området har. Denne kombinasjonen av ville fjell, høge stup (opp til 1100 m vest for Gjegnen), brear, heilt særprega landskap, ein vassdragsnatur kombinert med trappetrinsformasjonar som ein, mellom anna på strekninga mellom X-vatnet og Store Åskorvatnet, ser eit svært godt døme på, er rett og slett eineståande. Det finst ikkje maken her i landet, og kanskje ikkje internasjonalt heller! Friluftsliv i dette området gir opplevingar som er heilt eineståande!

Kvaliteten på området gjer at det har vorte oppdaga av fleire og fleire, både nasjonalt og til dels også internasjonalt. Det kan ein mellom anna sjå i hyttebøkene på Blåbrebu og Gjegnabu. Ein stor del av dei som overnattar der er frå andre delar av landet.

Mellom dei aktive brukarane av området finn ein Friluftslivsskulen: Nordfjord folkehøgskule, sjå <http://www.friluftslivsskulen.no/>

For å gje ein illustrasjon på korleis området er, viser vi til biletet på neste side, teke 16.08.2012. Biletet er frå turruta mellom Gjegnabu og fjelltoppen Gjegenen, 1670 m. Fjellet bak og til høgre er Gråfjellet, 1405 m. Litt nedanfor midten av biletet, ser vi den sørlege delen av X-vatnet. Gjegnabu er markert med ein liten raud ring opp og til høgre for personen på biletet. Og personen er svensk! Biletet er frå området litt aust for utbyggingsområdet (det er 5 km frå Gjegnabu til Øvre Bredvatnet), men det gir likevel ein god peikepinn på den kvaliteten også utbyggingsområdet har for friluftsliv.

Kommentarar til Meldinga om Bredvatn kraftverk sin omtale av friluftsliv:

Dessverre er delar av det som står i Meldinga prega av feilinformasjon og mangelfull informasjon om friluftsliv. Nokre døme for å grunnngje denne påstanden:

Sitat frå samandraget på side 2 i Meldinga: "Området ligg utilgjengeleg til, og størstedelen av ferdselen i området er knytt til stien til Ålfotbreen som er eit viktig friluftsområdet. Stien går ca. 4-5 km frå dei to alternative inntaksmagasina." Kommentar: Det er korrekt at den merka stien frå Åskora kraftstasjon og nesten til toppen av Ålfotbreen, 1385 m, er ei viktig og mykje brukt turrute. Men det utbyggerane ikkje nemner, er hovudruta vest-aust mellom Blåbrebu og Gjegnabu. Den er også ganske mykje brukt, både til fellesturar og individuelle turar, og ruta passerer Øvre Bredvatnet på berre 450 – 500 m avstand. Den delen av turruta som går mellom Øvre Bredvatnet og Kvannbotnfjellet vart merka av på Turkart Ålfotbreen som kom allereie i 1991, året etter at Gjegnabu vart bygd. Den aktuelle turruta har altså vore offentleg kjend i meir enn 20 år. Utbyggaren fekk spesielt god kunnskap om hyttene og turrutene i Ålfotbreområdet i samband med arbeidet med etablering av Ålfotbreen landskapsvernområde, som starta for litt over 10 år sidan, så den aktuelle turruta er velkjend for utbyggaren. Både utbyggaren og Turlaget deltok aktivt i verneplanarbeidet.

Sitat 1 frå punkt 5.8 på side 25: "I følgje Tangeland m.fl. (2006) er det ikkje snakk om stor bruk av området, men det vert brukt av ei trufast gruppe primært frå regionen." Kommentar: Sitatet frå Tangeland m.fl. stemmer, men det er ikkje dermed sagt at det som står der er korrekt. At bruken av området ikkje er særleg omfattande, er korrekt. I dei fleste område der høgdeskilnaden for å kome dit er nesten 1400 m, er det slik. Men at området "vert brukt av ei trufast gruppe primært frå regionen", det stemte nok i tida før Blåbrebu og Gjegnabu vart bygde. (Og underskrivne sakshandsamar høyrde til den gruppa.) Men det stemmer absolutt ikkje i dag. I dag er bruken nasjonal, og til ei viss grad internasjonal. Også regionalt er fleirtalet av brukarane utanom den tidlegare "trufaste gruppa". Mellom anna har dei mange fellesturane i området bidrege til det.

Sitat 2 frå punkt 5.8 på side 25: "Åskora er ein av to viktige innfallsportar til Ålfotbreområdet (Tangeland m.fl. 2006)." Kommentar: Dette sitatet er ikkje korrekt gjengitt! Det som står i NINA Rapport 212, side 55 under punkt 5.2.4.2 Friluftsliv (i Bremanger kommune) er følgjande: "Åskora er en av to viktige innfallsportar til Ålfotbreen." Når ein med Ålfotbreen meiner den delen av Ålfotbreområdet som konkret heiter Ålfotbreen og som har eit toppunkt på 1385 m, så stemmer Tangeland sitt sitat. (NB! Det er i tillegg andre innfallsportar til Ålfotbreen som er mindre viktige enn dei to viktigaste.) Men når utbyggerane har "forfalska" sitatet til å gjelde heile Ålfotbreområdet, så stemmer sitatet absolutt ikkje, då er det mange fleire viktige innfallsportar. Det veit utbyggerane svært godt!

Alternative utbyggingsløyningar:

Med utbygging kloss inntil grensa for Ålfofbreen landskapsvernområde og inne i eit eineståande, og nasjonalt viktig friluftsområde, er det heilt klårt at utbygginga er konfliktfylt. Dei eventuelle inngrepa må derfor gjerast så små og lite synlege som på nokon måte mogeleg! I Meldinga er det, etter vårt syn, i altfor liten grad lagt opp til det. Våre hovudsynspunkt på alternative utbyggingsløyningar:

Med det høge konfliktnivået i denne saka, er Nullalternativet i dette tilfellet eit svært viktig alternativ å få utgreidd. Med Nullalternativet meiner vi då at ein på sikt må fornye/rehabiliterer det eksisterande Åskora 1 kraftverk. Dette kraftverket, som er kjent som SFE si «pengemaskin», har rikeleg god nok økonomisk bereevne til å tåle kostnadane med ei slik fornying/rehabilitering. Dette vil gje null nye inngrep nær landskapsvernområdet og inne i det nasjonalt viktige friluftsområdet. Berre steintippene nede ved sjøen vil vere eit problem. Vi ber NVE om å krevje at dette alternativet blir skikkeleg utgreidd!

Viss Øvre eller Nedre Bredvatn skal regulerast, må det utgreiast alternativ der inngrepa er så små og lite synlege som er mogeleg. Dette betyr følgjande, som vi ber NVE om å krevje utgreidd:

Vatna vert ikkje demde opp! Det betyr at toppen av sperredammen ved utløpet av det aktuelle vatnet må leggjast på normalvasstanden, eller maksimum 20 – 30 cm over den! Bruk av ein slik låg dam vil redusere helikopterbruken, og dermed byggekostnaden, betydeleg!

Vatnet som vert regulert, får maksimalt ha ei reguleringshøgd på 1 m. Spesielt viktig er dette om sommaren, i perioden ca. 20. juni – 20. september. Men det er også viktig med lita reguleringshøgd i skitursesongen, som i hovudsak varer frå 1. mars til 20. juni. Resten av året kan det eventuelt tillatast litt større reguleringshøgd, til dømes maksimalt 4 - 5 m. Vi er sjølv sagt merksame på at låg reguleringshøgd vil kunne føre til at det av og til blir overløp. Men ettersom overløpsvatnet då berre vil renne ned i det store reguleringsmagasinet Store Åskorvatnet like nedanfor, vil ikkje dette vere noko vesentleg problem. Problemet kan dessutan reduserast gjennom meir aktiv bruk at reguleringsmagasina X-vatnet og Z-vatnet.

Det alternativet som har inntak i nærleiken av dammen i Øvre Bredvatnet, vert skrinlagt for godt! Dette er eit alternativ som legg opp til omfattande anleggsdrift og store inngrep oppe i høg fjellet. Det er fullstendig uakseptabelt i dette området! Dessutan blir steinmassene som skal deponerast i låglandet, mykje større. Viss ein sløyfar den høge dammen, som høgst sannsynleg vil føre til direkte konflikt med landskapsvernområdet, og berre brukar ein låg sperredam, vil ein ikkje ha bruk for å gjennomføre den omfattande anleggsdrifta oppe i høg fjellet. Helikopterdrift blir best/enklast/mest miljøvenleg! Vi ber NVE krevje at berre alternativet med inntak i den nordre enden av Øvre Bredvatnet vert teke med i den vidare planlegginga av prosjektet! Eller aller best: At SFE sjølv skrinlegg alternativet.

Når det gjeld alternativet med tofallsløyning med Store Åskorvatnet, reknar vi dette mest som eit teknisk spørsmål, som vi ikkje har sterke synspunkt på.

Vår prioritering av utbyggingsalternativa:

Nullalternativet med framtidig fornying/rehabilitering av Åskora 1 kraftverk, er etter vårt syn det klårt beste alternativet!

Alternativet med inntak i den nordre enden av Øvre Bredvatn og ingen oppdemming (maks 20 – 30 cm) av vatnet. Grunngeving: Bete enn alternativ 3 fordi det vil framleis renne litt vatn i dei

fine og godt synlege fossane mellom Nedre Bredvatnet og Store Åskorvatnet. Dette kan forbedrast ytterlegare gjennom slepping av minstevassføring frå Øvre Bredvatnet.

Alternativet med inntak i den nordre enden av Nedre Bredvatn kombinert med ingen oppdemming (maks 20 – 30 cm) av vatnet.

Alternativa med oppdemming av vatna, og alternativet med inntak av Øvre Bredvatnet i nærleiken av dammen, bør etter vårt syn fjernast fullstendig frå all vidare planlegging.

Alternative plasseringar av massedeponi:

Under folkemøtet 28.08.2012 kom det fram at det kan vere problem med alle dei 3 alternativa som er skisserte i Meldinga:

Tippene i sjøen vil kome i konflikt med livet i sjøen. Særleg kan konfliktane bli store viss Førdspollen er eit viktig gyteområde for fisk, noko vi – ut frå det vi har sett for andre liknande pollar – reknar som sannsynleg. Konsekvensutgreiingane må vere grundige nok til å avklare storleiken på konfliktane!

Tippen på land vil få avrenning til ei ganske viktig elv for anadrom fisk, elva som renn ned i Førdspollen frå vest. (Førdselva? Vi kan ikkje sjå at den har noko namn på kartet.) Det er heilt klårt at støv frå sprengd stein og kjemikalierestar etter sprenging er negativt for fisk. Men storleiken på konflikten må avklarast i konsekvensutgreiingane.

Når det gjeld plassering av massedeponia, ber vi både NVE og utbyggerane om å lytte til dei som bur/er grunneigarar i området + ta omsyn til biologisk mangfald. Nye alternativ må utgreiast!

Kommentarar til framlegget til utgreiingsprogram:

I desse kommentarane er det også teke med kommentar til ein del av dei konsekvensane som er omtala i hovudpunkt 5 på side 21 – 26 i Meldinga.

6.1 Alternativ: Vi viser til det vi har skrive om utbyggingsalternativ tidlegare i fråsegna.

6.3.1 Overflatehydrologi: Vi ser at «Det skal takast bilder av fossane nedstrøms Nedre Bredvatn på ulike talfesta vassføringar.» Dette er positivt, og viktig, ettersom desse fossane er viktige både for landskapsvurderingane og for naturopplevingane i friluftslivet. For friluftslivet er utsikten frå toppen av Ålfotbreen, 1385 m, og utsikten frå ruta vidare austover i retning Gjegnabu, dei viktigaste. Men også den mindre brukte ruta frå Åskora kraftstasjon til vest for Store Åskoravatnet og vidare austover langs sørsida av vassdraget/vatna, er viktig.

Fleire alternativ til minstevassføring frå alternativt Øvre og Nedre Bredvatn må utgreiast!

6.3.3 Magasinvolym, magasin kart og fyllingsberekningar: Det må ugreiast framlegg til krav til magasin fylling til ulike tider på året. Vi viser til det vi har skrive om dette tidlegare i fråsegna.

6.6 Landskap og INON: Ålfotbreområdet har fleire rekkjer med «trappetrinsvatn». Dei mest kjende er vel dei to rekkjene som er lenger vest, nord for toppane Saga, Plogen og Keipen. Men frå X-vatnet i aust, eller eigentleg frå det vesle namnlause vatnet ved Gjegnabu, og vestover forbi Store Åskoravatnet til Nedre Sjørdalsvatnet, er det ei liknande rekkje. Men denne har større vatn. Denne rekkja går vidare vestover via Snønykevatna til 10-vatna i den nordlegaste av dei to vestlege rekkjene. Det er klårt at dette er heilt spesielle kombinasjonar av landskapsformer, geologi og vassdragsnatur som må omtalast i landskapsrapporten.

NB 1! Det er viktig at det i landskapsvurderingane vert teke omsyn til den ekstra verdien området har fått gjennom opprettinga av Ålfotbreen landskapsvernområde.

NB 2! Det er viktig at dei som skal lage landskapsvurderingane får tilgang til meir korrekte opplysningar om turrutene i området, enn dei sterkt mangelfulle som står i Meldinga!

6.7 Naturmiljø og naturens mangfald: Langs elvestrekningane frå Øvre Bredvatnet til Store Åskorvatnet må det gjennomførast grundige feltregistreringar. Vi reknar det som relativt sannsynleg at her kan vere interessante område. Feltregistreringane må også omfatte reguleringsmagasina.

Naturmangfaldet på dei aktuelle stadane for massedeponi, inklusive i sjøen, må også kartleggast gjennom feltregistreringar.

6.7.3 Karplantar, mosar, lav og sopp: NB! Den måten å utgreie på som utbyggerane kjem med framlegg om her, er altfor dårleg. Her må det gjennomførast skikkelege feltregistreringar! Det eksisterande kunnskapsgrunnlaget er høgst sannsynleg altfor dårleg til at det kan brukast. Inntrykket vårt av det som står i punkt 5.3.3 på side 23 og 24, er at potensialet for interessante funn i området mellom Øvre Bredvatnet og Store Åskorvatnet, er undervurdert.

6.7.4 Pattedyr: Når det gjeld villtrekk, gjer vi merksam på at både underskrivne sakshandsamar og andre som har gått på tur mellom Blåbrebu og Gjeugnabu, ofte har sett spor etter omfattande hjortetrekk tvers over Ålfotbreen. Truleg mellom Straumsbotnområdet i sør og Ålfothenområdet i nord.

6.7.5 Fugl: Truleg er eksisterande kunnskap så dårleg at det må gjennomførast feltregistreringar!

6.7.6 Fisk: Vi er einige i at det ikkje finst fisk i Bredvatna eller i Store Åskorvatnet. Derimot er det fisk både i Førdselva (?) og i sjøen(Førdspollen). Grunna dei aktuelle plasseringane av massedeponia, må det gjennomførast vurderingar av både verdiar og konsekvensar for fisk i begge desse områda. Særleg viktig er det å vurdere kor viktig Førdspollen er som gyte- og oppvekstområde for fisk. Men den anadrome fisken i Førdselva (?) er der også viktig. Vi ber NVE krevje at dette vert utgreidd!

6.8 Marine forhold: Viss det i konsesjonsfasen framleis er aktuelt med massedeponi i sjøen, må marine forhold utgreiast!

6.10.1 Vasskvalitet/utslepp til vatn og grunn: I tillegg til det som står, må konsekvensane for drikkevassforsyning utgreiast. Under folkemøtet kom det fram at dette er eit aktuelt tema.

6.14.3 Friluftsliv, jakt og fiske: Ettersom store delar av utbyggingsområdet ligg inne i eit nasjonalt viktig friluftsområde, er dette eit viktig tema. Det er derfor viktig at utgreiingsarbeidet vert gjort skikkeleg. Litt info i tillegg til det som står først i fråsegna:

Eigar av turlagshyttene Blåbrebu og Gjeugnabu, er Flora Turlag.

Fellesturar i området vert arrangert av Flora Turlag, Keipen Turlag, Midtre Nordfjord Turlag og Indre Sunnfjord Turlag. Truleg også av andre. Vi veit at folk både frå Bergen Turlag og DNT Oslo og Omegn har gått turar i området. Det er heilt sikkert mange fleire.

Flora Turlag, Keipen Turlag og Midtre Nordfjord Turlag har ansvaret for merking i ulike delar av området. Dessutan er det andre, utanom DNT, som også har gjennomført merking.

Ålfotbreområdet er så spesielt, med så gode kvalitetar, at det finst ingen liknande alternative turområde verken i Sogn og Fjordane eller i Noreg/Norden.

Nordfjord folkehøgskule – Friluftslivsskulen – er aktiv brukar av området i undervisinga.

6.15 Samla belastning: Dette er eit viktig tema i denne saka, ettersom det er både svært mange og svært omfattande kraftutbyggingsinngrep i Ålfotbreområdet frå før. Dette er ei stor ulempe for friluftslivet både når det gjeld landskaps-/naturopplevinga og reint fysisk.

Reguleringsmagasina skaper mange stadar store problem for friluftslivet, spesielt på ski. I tillegg er det svært mange og store inngrep heilt inntil grensene for Ålfotbreen landskapsvernområde. Ein finn til og med enkelte mindre inngrep inne i verneområdet! Det er svært lite ønskjeleg med enda fleire inngrep! Både for friluftslivet og for verneområdet er enda fleire nye inngrep med på å redusere verdiane ytterlegare!

6.16.1 Massedeponi: Det må utgreiast både fleire alternative stadar for massedeponi, og andre alternativ til bruk av (delar av) massane enn å legge dei i deponi.

6.18 Opplegg for informasjon og medverknad: Sogn og Fjordane Turlag er interesserte i å vere med i ein medverknadsprosess!”

Førde grunneigarlag skriver i sin uttalelse av 01.09.2012 blant annet om stedsnavn i meldinga og økonomi i prosjektet:

”Grunneigarane seier og skriv Åskåra både om Åskårselva, Åskårsfossen, Store Åskårsvatn, Lisse Åskårsvatn og Åskårberget. Eldste kjende dokument som brukar denne skrivemåten er Skogsutskiftninga frå 1832. Grunneigarane kallar dei to omsøkte vatna for Brevatna. Nynorske reglar er klare på at det er berre to måtar å skrive første delen av ordet på. Anten bre eller brede. I ei samansetjing må namnet anten skrivast Brevatn eller Bredevatn. Noko anna er ortografisk ukorrekt. Vi set pris på om SFE-tilsette kan skrive stadnamna slik dei blir skrivne på garden. Å vise til kart som ofte kan ha feil, held ikkje.”

Økonomi

På side 6 i Meldinga finn vi ein matrise. Med inntak i Øvste Brevatnet er utbyggingskostnadene ved tofallsløysing sette til 465 millionar kroner. Under møtet 16.04.2012 nemnde SFE at utbygginga ville koste 200 millionar kroner. Det eine talet er over det doble av det andre! Spørsmålet som naturleg reiser seg er om desse tala berre er tipping eller svært raske estimat, eller om dei er grunnlagde på realistiske reknestykke utførte av kvalifiserte folk. Dersom det siste er tilfelle, er det merkeleg at vi finn svært lite om det viktige momentet økonomi i Meldinga. Emnet har fått berre nokre få linjer, medan utanforståande moment har fått rikeleg med spalteplass. Dersom det i det heile eksisterer eit gjennomarbeidd oppsett over utgifter og forventa inntekter vedrørande utbygginga av Bredvatn Kraftverk, burde dette ha fått brei plass i Meldinga. SFE burde i tillegg legge desse berekningane ut på heimesida til selskapet, slik at eigarane av selskapet, grunneigarane, NVE og andre kunne få eksterne fagfolk til å vurdere kvaliteten. Tilhøve som gjer at vi er spørjande til tala i Meldinga, er at SFE for kort tid sidan har bygt to andre kraftverk i Ålfoten; Dauremål kraftverk og Bjørndal kraftverk. Vi må få lagt fram tal som syner korleis desse to kraftverka i si tid var budsjetterte, og korleis dei endelege rekneskapa såg ut. Vi går ut frå at det er dei same økonomane som stod bak Dauremål og Bjørndal, som no arbeider med Bredvatn. I så fall bør klokke ringe og lampar lyse både for NVE og andre. Overskottspengane frå SFE bør gå til unge og eldre i eigarkommunane, og ikkje vere sandkasse for leikelystne ingeniørar.

(...)

SFE som forureinar

I Meldinga side 12 heiter det at ved val av Øvre Bredvatn som inntaksmagasinet vil det bli produsert om lag 360 000 kbm steinmasse pluss 36 000 kbm steinmasse frå ny tunell ved Store Åskårsvatn. All masse skal takast ut ved fjorden. Dersom entreprenøren brukar lastebil som tek om lag 10 kbm i kvart lass, er det tale om snart 40.000 lastebillass som skal deponerast i nærmiljøet! Eit alternativ SFE nemner for deponering, er å legge massen på land, på eit 20 mål stort område sør for innmarka og tuna i Førde, og nær Daleelva og hus og hytter i Øyramrådet. Vi finn framlegget til tipp-område innteikna på kartet side 8 i Meldinga. Til dette er det å seie at sprengt steinmasse alltid vil innehalde mykje fint steinstøv. Når det er vind, vil dette støvet lett bli ført inn i buområdet og plage folk som bur der. Serleg ille er steinstøv for folk med lunge- og luftvegsjukdommar. Kartet side 8 og 9 har store manglar. Mellom anna er ikkje kårhuset til Solheim og bustadhuset til Christensen/Midthjell innteikna. Begge desse bygningane ligg på Øyra, på austsida av tippområdet og nær dette. Daleelva er drikkevasskjelde for hus og hytter på Øyra. Steinmassedeponi slik SFE gjer framlegg om, vil ved avsig forureine drikkevatt. Mattilsynet vil utan tvil ha merknader til dette. Daleelva er lakseførande. Det er ikkje nemnt med eit ord i Meldinga. Avsig frå eit mogleg steindeponi vil tvilast skade både gytefisk og yngel. Miljøvernavdelinga hjå fylkesmannen vil ganske sikkert ha bestemte merknader til desse deponiplanane. På Øyra bur det både vaksne om born. Tungtrafikk av store lastebilar over lang tid vil bli ein stor risiko for borna og venene deira. Store steindungar vil bli livsfarlege leikeplassar. Slik vil vi ikkje ha det. Førde Grunneigarlag protesterer på det mest bestemte mot steinmassedeponi på Førde-Øyra.

Behov for utvida linjekapasitet

I Meldinga side 13, punkt 2.6 Linjetilknytning, heiter det at mellom Åskåra kraftverk og Ålfoten Transformatorstasjon i Myklebustdalen må eksisterande nett forsterkast. SFE vil konsesjonssøke nødvendige tiltak.

Det som ikkje er nemnt i Meldinga er at SFE alt har fått konsulentfirmaet Jøsok prosjekt a.s. til å komme med framlegg. Grunneigarane kom heilt tilfeldig over kartet med innteikna kraftlinje. Firmaet har teikna inn ny høgspenninglinje sør for innmarka til Førdegarden og nær denne. Det var her OED ikkje ville ha 420-kVlinja. Førdegrenda er innfallsporten til Ålfotbreen landskapsvernområde.

Grunneigarane i Førde er redde for at SFE likevel vil søke om løysingar som vil auke strålinga mot dyr og menneske på garden, og i tillegg verke skjemma på naturen. Grunneigarane protesterer kraftig mot slike løysingar.

Momentet som behendig vart "gløymt".

For ein del år sida var det tankar om å starte dagbrot av stein i området aust for Åskåra kraftstasjon (sjå kartet). Steinen skulle leverast over kaia i Åskåra til eigna frakteskip. Prosjektet skulle skaffe arbeidsplassar til bygda. Eitt av argumenta mot sprengingsarbeid så nær Åskåra Kraftstasjon var at ein ikkje på førehand kunne vite om slik sprenging kunne skade/øydelegge maskinene. Kvaliteten på fjellet i området er problematisk. Det sprengingsarbeidet som SFE no planlegg, vil ha langt større omfang og komme mykje nærare maskinene i stasjonen enn sprengingsarbeid i dagen langt unna stasjonshallen ville ha gjort. Likevel, korkje den vanskeleg fjellkvaliteten, eller skaderisikoen ved sprengingsarbeid finn vi omtala i Meldinga. Nok ein gong er viktige opplysningar utelatne.

Konklusjon

Førde Grunneigarlag vil protestere mot SFE sine planar om bygging av Bredvatn Kraftverk. Grunneigarproblematikken er ikkje i orden. Dei økonomiske konsekvensane er ikkje skikkeleg utreia og framlagde. Det er uvisst om seriøse tal eksisterer, og om dei i tilfelle er kvalitetssikra. Det er fjarleg fjell SFE vil drive tunellar i. Prosjektet kan lett bli ei økonomisk ulykke for SFE, med dei skadelege ringverknader dette kan få både for kommuneøkonomi og arbeidsplassar. Prosjektet trugar innfallssporten til det vakre Ålfotbreen landskapsvernområde med skjemmaende reguleringar og enorme massedeponi. Plasseringane av dei endelause steinmassane vil føre med seg store skader og ulemper for menneska som bur i Førde i dag, og for vidare utvikling av Førdegrenda.”

Sabine og Julian Renkel skriver i uttalelse av 04.08.2012:

”Etter at vi er berørt av utbyggingen av Bredvatn kraftverk vil vi gjerne komme med noen synspunkter:

- Vi har prinsipielt ingenting imot at steinmasse tippes via sjøtomten vår i fjorden under forutsetningen at det nyvunne landområde tilhører fortsatt eiendommen vårt. Vi ber i såfall om steinmassene tippes på et slikt måte at det oppstår et lite småbåthavn.

- Vi synes derimot at tippområdet som er skissert inne i utløpsområdet til Førselva er ingen egnet sted etter at bruket av dette arealet fremstår som et urimelig stort inngrep i naturen. Det skulle medføre også en del lastebiltrafikk senere når materialet etterhvert avtransporteres. En slik handteringsmåte betyr også at tippet ikke dekkes med skog på mange år og står således synlig i lang tid.”

Roger Andre Solheim skriver i sin uttalelse av 18.07.2012 om eierforhold i prosjektområdet.

Rune Ripe har i uttalelse av 02.07.2012 skrevet om overskuddsmasse:

”Ser det er planar om eit nytt kraftverk i Ålfoten-området, og at det ligg føre nokre alternativ ti lagring av overskotsmasse frå tunellen. Sidan De er storforbruker av den lokale vegen gjennom bygda, har eg eit forslag som går ut på at De brukar av overskotsmassa til å utbetre vegen mellom Førde (I Ålfoten) og Sigdestad. Det er trass alt De som slit mest på vegen og De har ikkje akkurat lagt igjen svære summar i forhold til kva inntekter De har frå bygda!

No har De sjansen til å få utnytta overskotsmassen til noko fornuftig, samtidig som De gjer Ålfotbygda ei stor teneste, ved å lage ny veg, og sette opp gatelys på samme strekninga. Kommunen har ikkje pengane til det. De har!

Håpar at det kan komme bygda til gode med berre ein liten brøkdel av det som De trass alt tener på området her. Og som sagt, det er De som slit ut vegen med all tungtransporten som SFE har på den!”

Utbyggers kommentarer til innkomne uttalelser

1 Samandrag

NVE sende melding for Bredvatn kraftverk ut på høyring i juni 2012 med høyringsfrist 7. september 2012. Høyringsfristen vart seinare noko utvida.

Desse har kome med høyringsfråsegn til meldinga med forslag til utgreiingsprogram:

<i>Dato</i>	<i>Høringspart</i>	<i>Avsnitt</i>
02.07.2012	Rune Ripe	2.1
18.07.2012	Roger Solheim	2.2
04.09.2012	Sabine og Julian Renkel	2.3
10.08.2012	Norges Miljøvernforbund	2.4
21.08.2012	Bremanger kommune	2.5
31.08.2012	Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	2.6
01.09.2012	Førde Grunneigarlag	2.7
04.09.2012	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	2.8
20.09.2012	Sogn og Fjordane Turlag	2.9
01.10.2012	Sogn og Fjordane fylkeskommune	2.10

Tabell 1 Mottekne høringsfråsegner

Dei innkomne fråsegnene kommenterer forhold utover det som gjeld utgreiingsprogrammet. Vi har gått nøye gjennom fråsegnene, men kan ikkje sjå at her er innspel som endrar framlegget til program i særleg grad. Men vi tek med oss fråsegnene i det vidare arbeidet, i fyrste omgang med vidareformidling til dei som skal lage fagrapportane.

Vårt inntrykk er at tiltaket vi skisserer er mest konfliktfylt i høve til friluftsliv og visuelle verknader av dei føreslegne reguleringane, samt verknadane av massedeponia både på land og i sjø. Som det kom fram alt på folkemøtet så er Daleelva (elva nord for den føreslegne landtippen), lakseførande. For å unngå all påverknad av elva vil vi redusere omfanget av deponiet til det området som har helling mot sjøen. Og grunngevinga for eit deponi på land er å ta vare på noko av tunnelmassen for eventuelle framtidige samfunnsnyttige formål i bygda. Dersom dette ikkje er eit ynskje så kan massen plasserast i hovuddeponiet i sjøen. I det tronge fjordlandskapet har det vore vanskeleg å finne eigna plasseringar for deponi. Av fleire omsyn er det er ikkje ynskjeleg med bruk av tunnelmasser under dyrkingsjord, og gjennom ei samla vurdering har vi kome til at eit sjødeponi er minst belastande.

Sidan det her er snakk om utviding av eksisterande deponi i sjø legg programmet opp til å omtale verknadane basert på eksisterande informasjon frå tilsvarande deponi. Vi ser dermed ikkje hensikt i å gjere registreringar av fisk og plantar i sjø sidan deponia vert lagt utanpå dei frå forrige utbygging. Vi har registrert at tippområdet i Åskåra er mykje brukt som fiskeplass. I forslaget til utgreiingsprogram punkt 6.7.6 Fisk vil vi foreslå fylgjande presisering:

Bjørklund m.fl. (1997) stadfestar at det aldri har vore fisk i verken øvre Bredvatn, Nedre Bredvatn eller Askorvatnet. Det er difor ikkje naudsynt med vurderingar knytt til verdiar eller konsekvensar for ferskvassfisk som følgje av tiltaket.

Eventuelle konsekvensar for marin fisk skal omtalast.

Elles går vi ikkje vidare med utgreiingar for tofallsløysinga, det gjeld både for Øvre og Nedre Bredvatnet. Denne avgjerda skuldast ikkje høringsuttalane vi no har fått, men er gjort med bakgrunn i både tekniske og økonomiske vurderingar.

2 Utbyggjar sine kommentarar til høyringsinnspela.

Då det er for omfattande å referere høyringsfråsegnene ordrett har vi nytta ei forkorta og stikkordmessig framstilling av fråsegnene for å vise kva vi har kommentert.

2.1 Merknad frå Rune Ripe

Rune Ripe ynskjer at SFE skal bruke overskotsmasse til å bygge ny veg mellom Førde og Sigdestad.

Kommentar frå utbyggjar:

Vårt forslag til ein tipp ovanfor taubanestasjonen er med bakgrunn i eit seinare behov for masse til samfunnsnyttige formål. Dette må eventuelt gjerast som eit planlagt uttak, men vegbygging er eit høgst aktuelt bruksområde.

2.2 Merknad frå Roger Solheim

Merknaden gjeld fallrettar og rett til grunn.

Kommentar frå utbyggjar:

Fråsegna gjeld ikkje forhold i høve til vårt forslag til utgreiingsprogram. Vi vil gje vårt synspunkt på rettane i vassdraget i eit vedlegg til dette brevet.

2.3 Merknad frå Sabine og Julian Renkel

Sabine og Julian Renkel er grunneigarar i fjellet og har også ein teig som blir berørt av sjødeponiet i Åskåra.

- a) *Dei har prinsipielt ingenting imot utfylling i sjøen ved deira eigedom, men ynskjer utfyllinga forma slik at den kan fungere som ei lita småbåthamn.*

Kommentar frå utbyggjar:

Når det gjeld utforming av sjødeponiet så tek vi innspelet med oss til arbeidet med konsesjonssøknaden. Merknaden gjeld ikkje utgreiingsprogrammet.

- b) *Vidare gjev dei uttrykk for at forslaget vårt til massedeponi ovanfor taubanestasjonen er lagt til ein lite eigna stad. Både med omsyn til visuelle naturinngrep og fordi det vil føre til trafikk både ved etablering og seinare ved eit eventuelt uttak.*

Kommentar frå utbyggjar:

Vi har dessverre ikkje funne betre eigna stad i rimeleg nærleik til utbyggingsstaden for eit massedeponi på land. På grunn av fleire innspel knytt til Daleelva vil vi redusere omfanget av dette massedeponiet og plassere det på sørsida av skogsvegen. Terrenget heller her mot sjøen og saman med tiltak som vert gjort for oppsamling av sigevatn så meiner vi at det ikkje vert avrenning til elva. Framlegg til utgreiingsprogram er tilstrekkeleg for å få fram eventuelle konsekvensane av eit slikt deponi. Deponiet skal også visualiserast.

2.4 Merknad frå Norges Miljøvernforbund

Norges Miljøvernforbund krev avslag for begge alternativa med bakgrunn i fleire tema, mellom anna nærleiken til landskapsvernområdet, konsekvensane av deponia både visuelt og toksikologisk. Det vert også vist til at Sogn og Fjordane har eit stort overskot av elektrisk energi. I høve til forslaget til utgreiingsprogram meiner vi relevante tema Norges Miljøvernforbund viser til vil bli utgreia. Vi nemner desse stikkordsvis:

- a) *Nærleiken til Álfotbreen landskapsvernområde. Massedeponia sin påverknad i fjordlandskapet. Urørt natur.*

Kommentar frå utbyggjar:

I vårt forslag til utgreiingsprogram, pkt.6.6 Landskap og inngrepsfrie naturområder (INON), skal verknader på landskapet, både på overordna og meir detaljert nivå skildrast.

Massedeponi og ureining

Kommentar frå utbyggjar:

Eventuelle konsekvensar av massedeponia vert handsama i fagrapportane 6,7 Naturmiljø, 6.10 Forureining og 6.12 Naturressursar.

Friluftsliv og turisme

Kommentar frå utbyggjar:

Verknadane for friluftsliv og turisme vert omtala i fagrapportane 6.14.3 Friluftsliv, jakt og fiske og 6.14.4 Reiseliv

2.5 Bremanger kommune. Ingen merknad

Bremanger kommune har ingen merknader til meldinga eller framlegget til utgreiingsprogram.

2.6 Merknad frå Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum

Museet har ikkje innvendingar mot den føreslegne utbygginga. Viser elles til meldingsplikta tiltakshavar har ved eventuelle funn under utbygging.

2.7 Merknad frå Førde Grunneigarlag

Førde Grunneigarlag protesterer mot SFE sine planer om bygging av Bredvatn kraftverk med eit omfattande brev med mange tema. Ein stor del av brevet gjeld rettane til fall og grunn, og vårt synspunkt på dette er omtala i eit eige vedlegg til dette brevet. Elles meiner vi relevante tema Førde Grunneigarlag viser til i sitt brev vil bli utgreia. Vi viser til brevet og nemner dei ulike tema stikkordsvis:

- a) *Førdegrenda som innfallsporten til Álfotbreen landskapsvernområde.*

Kommentar frå utbyggjar:

Grunneigarane har ikkje peika på manglar i utgreiingsprogrammet. Konsekvensane for Førde og landskapsvernområdet vert utgreia innanfor alle aktuelle tema.

- b) *Grunneigarlaget meiner skrivemåten av namn på vatn, elvar og fjell i meldinga er feil.*

Kommentar frå utbyggjar:

Stadnamn er litt på sida av tema utgreiingsprogram, men likevel viktig i høve til å gje rett informasjon i melding og konsesjonssøknad. Vi vil derfor kommentere innspelet. Namn er alltid omstridd, men det er Statens Kartverk som har ansvaret for namna på dei offisielle karta. Vi kan ikkje overprøve dette, og brukar karta og namna slik dei er offentleggjorde. Det var med bakgrunn i desse karta namnet vart Bredvatn kraftverk.

- c) *Økonomi. Grunneigarlaget viser til sprikande og usikre kostnadsoverslag.*

Kommentar frå utbyggjar:

Verknadane for næringsliv, sysselsetting, tenestetilbod og kommunal økonomi vert omtala og vurderte i fagrapport 6.13 Samfunn. Kostnadsoverslaga vert kvalitetssikra i den vidare søknadsprosessen, men usikkerheta til kostnad er der heilt fram til utbygginga skal gjerast og byggeprisane er komne inn.

d) Konesjonsvilkår for gjeldande konsesjonar.

Kommentar frå utbyggjar:

Vi arbeider kontinuerlig med å registrere og rydde opp i skrot etter tidlegare anleggsarbeid så langt dette gjeld vår del av verksemda til SFE konsernet.

e) Avsig, forureining og trafikkbelastning grunna massedeponiet bak taubanestasjonen.

Kommentar frå utbyggjar:

For å unngå avrenning og sig til Daleelva vil vi reduserte omfanget av dette massedeponiet til eit mindre område på sørsida av skogsvegen der terrenget heller mot fjorden og ikkje mot elva. Med denne endra utforminga av deponiet meiner vi det ikkje vil ha noko påverknad av drikkevatt eller fisk i Daleelva og at framlegget til utgreiingsprogram er tilstrekkeleg for å vise verknadane.

f) Utvida linjekapasitet.

Kommentar frå utbyggjar:

Grunneigarlaget kjem ikkje med krav om ytterlegare utgreiing. Vi meiner fagrapport 6,2 Elektriske anlegg og overføringsleidningar vil vise verknadane som fylgje av Brevatn kraftverk.

g) Sprengingsarbeid i Askåra. Risiko.

Kommentar frå utbyggjar:

Sikkerhet for anlegga våre ligg i botnen for all prosjektering. Når det gjeld fjellkvalitetane så er desse godt kjent frå utbyggingane i Askåra 1 og 2, og det er alt no brukt geolog for å plassere den nye stasjonen. Dette vil også bli eit tema i vidare detaljplanlegging. Vi er svært opptekne av å ivareta eksisterande anlegg, men meiner det ikkje er grunnlag for andre utgreiingar no.

2.8 Merknad frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sitat frå Fylkesmannen sitt brev:

«Fylkesmannen meiner at det planlagde utgreiingsprogrammet er akseptabelt, under føresetnad av at det vert brukt spesialisert kompetanse der det er nødvendig, samt at nokre tema blir noko betre utgreia. Kravet til kompetanse vert understreka spesielt når det gjeld registrering av flora og fauna, samt planlegging av massedeponi. Det må kartleggast kor stor avstand det vert frå inngrepa til grensa for Ålfofbreen landskapsvernområde. Vidare må det gjennomførast ein ROS-analyse som omfattar fleire tema enn ras og flaumfare, og det bør sjåast på om det er mogeleg å sanere delar av eksisterande linjer og andre installasjonar knytt til overføringsnettet. I den temavise gjennomgangen er det gitt nærare omtale og ytterlege innspel og kommentarar.»

a) Naturmiljø og biologisk mangfald. Fylkesmannen konstaterer at det ikkje er registreringar av raudlisteartar eller naturtypar som vert påverka. Kravet til spesialisert kompetanse vert understreka, kanskje særleg for botndyr, mosar og lav. Vidare må fleire artar, for eksempel fugl, registrerast på spesielle delar av året eller døgnet.

Fylkesmannen ber om at det vert sjekka ut om det finst lokal og erfaringsbasert kunnskap om fisk og fiske i dette vatnet.

Kommentar frå utbyggjar:

Feltundersøkingane og fagrapportane vert gjort av innleigde folk med relevant kompetanse. I tillegg til registreringane som vert gjort no tek utgreiinga med seg eksisterande kunnskap frå til dømes utgreiingane som vart gjort for landskapsvernområdet og traseane for 420 kV linja.

Lokale folk stadfestar at det ikkje er fisk i denne vasstrengen. Det er heller ikkje registrert fisk ved nedtapping av magasinet Store Åskorvatnet eller ved nedtapping av vassvegen.

b) Landskap, friluftsliv og inngrepsfrie naturområder (INON). Det må klarleggast kor nær inntil grensa for landskapsområdet prosjektet vil kome. Fylkesmannen understrekar at det i konsekvensutgreiinga må gjerast greie for i kva grad inngrepa vil vere synlege frå landskapsvernområdet og innfallsportane til landskapsvernområdet.

Kommentar frå utbyggjar:

